



VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I FEDJE KOMMUNE – Vedteke 23.04.2019 – Kommunestyresak 026/19

1. Eigartilhøve

Fedje kommune driv skulefritidsordninga.

2. Lovverk

Opplæringslova § 13-7 (SFO), kapittel 9a (skulemiljø) og §10-9 (politiattest).

3. Formål

Vedtekten skal vere:

- ein styringsreiskap for rektor og SFO-tilsette
- eit grunnlag for informasjon til foreldre
- eit grunnlag for vurdering av kvalitet i SFO

4. Opningstider og SFO-rute

a) På skuledagar gjev skulefritidsordninga tilbod før og etter skuletid. Opningstida er på desse dagane frå 0715 til 0820 og frå ordinær skule er slutt til klokka 1600. Ein kan tinge tilbod frå 1 til 5 dagar i veka. Tilboden må tingast seinast kl. 10.00 dagen før. Seinast fredag kl. 10.00 om dette gjeld ein måndag. Tilboden må tingast ved stadfesta telefonsamtale eller e-post. Om det er tinga tidleg-SFO kan andre born og nytte tilboden dersom det er bemanning til det.

b) Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning. Tilboden skal vere før og etter skuletid, for 1. til 4. klassetrinn, og for born med med særskilte behov frå 1. til 7. klassetrinn.

c) Skulefritidsordninga heldt til i skulen sine lokal og nyttar og utearealet ved skulen. Den skal leggja til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna, samt gje borna omsorg og tilsyn. SFO kan og samarbeide med barnehagen og nytte arealet der.

d) På dagar det ikkje er ordiner skule, er opningstidene i skulefritidsordninga frå klokka 07.15 til 16.00.

e) For elevar ved Fedje skule er det mogeleg å kjøpa plass på skulefritidsordninga for ein einskilt dag, så lenge det er plass, og det ikkje fører til auka bemanning. Prisen vert justert årleg.

f) Ferie, fridagar og dagar SFO held open vert vedteke i same vedtak som **Skuleruta** (Ferie- og fridagar for skule- og barnehage) for Fedje kommune. Sjå årlege vedtak. **Skuleruta** vert mellom anna publisert på kommunen sine heimesider.

5. Opp tak

Desse har, i prioritert rekkefølgje, rett på plass i SFO:

1. Funksjonshemma born som kan gjera seg nytte av tilboden.
2. Born med tilråding frå lege, helsejukepleiar eller PPT.

3. Sysken til born som har plass i ordninga etter punkt 5.1 og/eller 5.2, busett på Fedje
4. Born av aleineforeldre.
5. Alle andre søkerarar busett i Fedje kommune. Søkjarane etter dette punktet vert prioritert slik at dei yngste går føre.
6. Søkjarar som dekkjer minst eitt av kriteria over, og som søker etter fristen.

6. Søknad om opptak

Søknad skal gjerast med fastsett skjema, som er gjort tilgjengeleg på kommunen sine heimesider. Søknad skal sendast til Fedje kommune. Opptaket skal vere gjennomført innan 15. mai. Dette opptaket definerer tilbodet for det påfølgjande skuleår. Det er rom for å tildele plass kontinuerleg, innaføre etablert tilbod.

Det er rom for å klage på opptak. Klagefrist er tre veker etter ein har teke imot meldinga om opptak. Formannskapet i Fedje kommune er klageinstans

7. Oppseiing/ endring av plass

Frist for oppseiing er den 1. i kvar månad. Oppseiingsfristen er på 3.månader. oppseiing skal skje skriftleg. Fristen kan fråvikast ved særskilde årsaker. Særskilde årsaker er dersom barnet er heilt avskore frå å nytte plassen til dømes ved flytting, sjukdom over ein månad osb.

Om ikkje plassen vert sagt opp, er plassen tildelt fram til siste SFO-dag i det skuleåret barnet er ferdig i 4.klasse. Nytt SFO-år startar etter tre siste heile veker i juli.

8. Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset foreldrebetaling. Gjeldande prisar skal publiseraast på Fedje kommune sine heimesider. Kommunen, ved rådmann, står for innkrevjing. Det vert gjeve søskensemoderasjon: 30% på born nr 2, 50% på born nr 3. Det vert gitt moderasjon i tråd med reglane for redusert foreldrebetaling i barnehagen. Fedje kommune, ved rådmannen, kan og ilette gebyr når borna ikkje vert henta til avtalt tid. Gebyret vert ilagt for kvar påbyrja halvtime.

9. Administrasjon

Rektor ved Fedje skule har det pedagogiske- og organisatoriske ansvar for skulefritidsordninga, men står fritt til å delegera oppgåver knytt til drifta til andre tilsette.

10. Bemanning

Til vanleg skal bemanninga vere ein vakse pr.12 barn. Bemanninga skal vere forsvarleg i høve gruppersterleik. Born med særskilde behov kan utløyse ekstra bemanning, etter ei vurdering av rektor.

11. Teieplikt

Alle tilsette i Fedje kommune har teieplikt om teiepliktige opplysningar etter gjeldande lov.

12. Vedtektsendring

Endring i vedtektena skal gjerast av kommunestyret.